

Utan dom og rettargang

Nov. 70 - okt. 1995 Fylkesmagasinet, Saga og Tjovane

109347

Fylkeshistoriske Sagn og Fjeldane No. 10 Okt. 95

Den 1. september 1945 la den 34 meter lange elvebåten "M/S Thekla", eid av den tyske hæren, ut frå kai i Florø. Ombord på båten, som var lasta med ammunisjon frå krigen, var det 12 nordmenn og 6 tyskarar, samt ein engelsk komandant. Felles for alle nordmennene var at dei sat i varetekt mistenkt for landssvik. Fem av nordmennene kom frå Nordfjord. Ingen kom tilbake frå denne turen - båten gjekk ned etter at lasta eksploderte.

Sentrum
Tormod Flatebø

Ikkje alle som var mistenkte for landssvik fekk prøvd saka si for retten. Dei loiv varetektsfengsla nordmennene som vart komandert som menneske på den tyske båten M/S Thekla er døme på dette. Grunnen til at det var nordmenn ombord på båten var kort og godt at det ikkje var tyskarar nok til å ta den skjebnesvangre turen for å dumpe ammunisjon etter krigen. I fylgje Sunnmørsposten trekte mange av dei ansvarlege for transporten seg avdi dei såg kor farleg dette var. Folket i Florø, framleis i fylgje Sunnmørsposten, frykta at det skulle skje ei alvorleg ulukke om båten vart liggande på Florøhamn.

Sigerherrens justis

Sjølv om denne historia ikkje er direkte knytt til det som skjedde i rettsalen etter krigen er det eit prov på korleis ein såg på mistenkte landssvikarar. Høgsterettsadvokat Albert Wiesener har skrive ei bok med tittelen "Seierherrens justis". Denne boka er prega av sterk beitterheit overfor rettsoppgjøret. Johs. B. Andenes kommenterer denne boka i si bok, "Det vanskelige oppgjøret", på denne måten: "I tittelen til boken er innbygget en forutsetning om at oppgjøret var hevn over de overvunne, ikke rett. Selvsagt var rettsoppgjøret i Norge, på samme måte som oppgjøret med de tyske krigsforbryterne gjennom Nürnbergprosessen, seierherrens justis i den forstand at det ble gjennomført av den seirende part i krigen. Hadde Tyskland vunnet krigen, ville det ikke blitt noe oppgjør med Quisling og hans hjelpere. Heller ikke ville det ha blitt noe oppgjør med de ansvarlige for mordet på seks millioner jøder. Så lenge forbryterne er herrer over statsapparatet, blir det ingen forfølgning av forbrytelsene. Dette er i og for seg en selvfølge. Men det er ein feilslutning at fordi oppgjøret var seierherrens justis i denne forstand, kan det ikke vere et lovlig og rettferdig oppgjør. Dette er et helt sentralt spørsmål. Det er ikke noen nødvendig motsetning mellom et oppgjør gjennomført av seierherren og et oppgjør som skjer på lovens grunn. Det man med rette kan si er at det er vanskelig etter en kamp på liv og død, før med stor bitterhet og hensynsløst, å handle med den likevekt og den

sans for rettslige prinsipper og langsiktige virkninger som er ønskelig hos rettens håndhevere. Det er, billedlig talt, ikke lett å skifte fra soldatuniform til dommerkappe. Derfor er det psykologisk forståelig og menneskelig unnskyldelig om ikke alt som skjer etter at kampen er slutt, kan holde mål for ettertidens dom. Historien gir nok av eksempler på det. Ut fra dette kunne man ønsket at de som hadde stått fremst i motstandskampen hadde spilt en mindre fremtredende rolle i gjennomføringen av etterkrigstidens oppgjør. Men tanken vekker straks en motforestilling; Var det de lunkne, de som under krigen hadde foretrukket den risikofrie betrakterrolle, som burde ha hatt ledelsen under oppgjøret? Man står her overfor et uløselig dilemma", skriv Johs. B. Andenes.

Utan prøving

Det som skjedde med dei 12 nordmenn den skjebnesvangre septemberdagen i Florø syner noko av det som Andenes er inne på. Når det ikkje var nok tyskarar, valde ein det som var "nestverst", nemleg mistenkte landssvikarar, til den farlege turen med M/S Thekla. At ingen reiste spørsmål om det var rett å plukke ut varetektsfangar til turen viser korleis haldninga var til spørsmålet, på den tid. Det som hendt i Florø var ille. Men, verre, og meir avslørande var det at samfunnet ikkje ein gong såg ansvaret i å varsle slekta til dei omkomne. Mange fekk straff som frtent etter krigen. Men det finst insidens som vi helst hadde sett ikkje hadde funne stad